

Tausheitserklæring

Forplikting til konfidensialitet

Denne tausheitserklæringen gjeld for medlemmar av Sogndal Fotball sin Kontrollutval, valt av årsmøtet i laget, og som gjennom dette vervet kan få tilgang til sensitiv eller konfidensiell informasjon.

1. Definisjon av konfidensiell/sensitiv informasjon

Konfidensiell/sensitiv informasjon omfattar, men er ikkje avgrensa til, personopplysningar, ikkje offentlege klubbstrategiar, interne dokument, økonomiske opplysningar, kundeinformasjon og eventuell anna informasjon som ikkje er offentlig kjent.

2. Tausheitsplikt

Eg forpliktar meg til ikkje å dele, vidareformidle eller på anna måte gjere konfidensiell/sensitiv informasjon kjent for uvedkommande eller tredje part under mitt verv som medlem av Kontrollutvalet Sogndal Fotball.

3. Handtering av informasjon

- Konfidensiell/sensitiv informasjon skal berre brukast i samband med arbeidsoppgåver som medlem av Kontrollkomiteen Sogndal Fotball, nærmare definert i Prosedyre for Kontrollutval Sogndal Fotball av 1. oktober 2025, ver 001.
- All informasjon skal oppbevarast og handsamast på ein måte som hindrar at uvedkommande får tilgang.
- Elektronisk lagra informasjon skal sikrast med nødvendige tekniske og organisatoriske tiltak.

4. Brot på tausheitsplikt

Brot på denne tausheitserklæringa kan få konsekvensar i forhold til mitt verv som medlem av Sogndal Fotball sitt Kontrollutval.

5. Varigheit

Tausheitsplikta gjeld under heile tilsetjings-, oppdrags- eller samarbeidsperioden, samt etter at forholdet er avslutta, så lenge informasjonen ikkje er offentlig kjent eller Sogndal Fotball ved Styret har gitt skriftleg samtykke til deling.

6. Stadfesting

Eg bekreftar hermed at eg har lest, forstått og forpliktar meg til å følge bestemmingane i denne tausheitserklæringa.

Stad og dato	Namn (blokkbokstavar)	Signatur